

BJØNN TVEITO
VINJEVEGEN 326
3890 VINJE

Dato: 04.12.2025
Vår referanse: 2025/8697-2
Sakshandsamar: Per Wraa

Delegert vedtak
Kommunalsjef kultur, næring og fritid - nr. 292/25

30/1 - Svar på søknad om kommunalt tilskot til landbruksføremål - ungskogpleie

Vedtak

1. Bjønn Tveito får eit tilskot til ungsogpleie på kroner 13.000.-
2. Tilskotet kan krevjast tilbakebetalt, heilt eller delvis, dersom det oppstår forhold som kjem i strid med føresetnadane for tildeling av tilskotet.

Bakgrunn

Vinje kommune har 26.11.202 motteke søknad om kommunalt tilskot til ungsogpleie. Totalt areal det er utført ungsogpleie på er 107dekar. Arealet er dokumentert i sakshandsaminssystemet ØKS til Landbruksdirektoratet med vedlagt kart.

Vinje kommune har vedteke å gje 20 % tilskot til ungsogpleie frå skogareal i kommunen. Tilskotet vert gjeve på den totale kostnad. Tilskotet blir utbetala mot å vise fram dokumentasjon i form av kart eller faktura.

Bjønn Tveito oppfyller vilkåra som er sett for å få utbetala tilskot til ungsogpleie. Dokumentasjon syner at det er utført ungsogpleie på 107 dekar med ein dekarpris på 607 ,- kr. Totalkostnad er 65.000,- kr og tilskotet utgjør då 13.000,- kroner.

Dokument i saka

Med helsing

Per Wraa

landbruksrådgjevar
Kultur, næring og fritid

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarakar:
BJØNN TVEITO

Informasjon om retten til å klage

Jf. forvaltningslova § 28, kan du klage på vedtaket. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen då brevet kom fram til mottakarakar. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut.

Klaga sender du skriftleg til Vinje kommune. Skriv kva for vedtak det klagast over, den eller dei endringane som er ynskjeleg og dei årsaker du vil gje for klaga. Dersom du klager så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å gje opp dato då denne meldinga kom fram.